



# Møteprotokoll for Alver kommunestyre

**Møtedato:** 15.12.2022  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 10:00 - 21:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP gjekk under hands.av sak 178/22	Medlem
Vigdís Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hettlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H tom sak 170/22	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG tom sak 171/22	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem

Alexander Helle	R gjekk under hands.av sak 182/22	Medlem
-----------------	-----------------------------------	--------

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Erlend Nævdal	UAVH	Settemedlem
Roy Bø	H	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jostein Hellestveit
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Olav Steinar Namtvedt	SP	Sølvi Gripsgård Knudsen
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Ståle Juvik Hauge
Pål Inge Fosse Hopland	AP	Jostein Borlaug
Sean Røskeland	H	Mabel Johansen
Kjell Ove Larsen	UAVH	Hege Nygård Dale
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP gjekk under hands.av sak 182/22	Roy Bø
Anders Ingar Solheim	UAVH møtte under hands.av sak 182/22	Roy Bø
Anna Ulrika Nordlund	SV gjekk under hands.av sak 178/22	Torbjørn Taranger

#### **Følgjande frå administrasjonen møte:**

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

#### **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
161/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
162/22	Godkjenning av møteprotokoll
163/22	Tilstandsrapport for barnevernet 2022
164/22	Melding frå kontrollutvalet
165/22	Forvaltningsrevisjon - Økonomistyring i Alver kommune
166/22	Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Alver kommune - Høyringsuttale
167/22	Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902 - 2.

- gongs handsaming
- 168/22 Saksframlegg - Søknad om trafikksikringsmidlar frå Vestland fylkeskommune
  - 169/22 Birkeland - Hella vassleidning
  - 170/22 Manger reinseanlegg
  - 171/22 Høyring - grunnrenteskatt på havbruk
  - 172/22 Inntektssystemet for kommunane NOU 2022-10 – høyring
  - 173/22 Eigarskapsmelding del 1
  - 174/22 Busetting av flyktningar i 2023
  - 175/22 Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023
  - 176/22 Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røystekrinsar.
  - 177/22 Tilrettelegging - mikrofoner og streaming politiske møter
  - 178/22 NGIR - organisering
  - 179/22 Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt
  - 180/22 Budsjettendringar 2022
  - 181/22 Gebyr- og betalingsattsar 2023 - Alver kommune
  - 182/22 Økonomiplan 2023-2026
  - 183/22 Melding/orientering til kommunestyret 15.12.2022
  - 184/22 Klage på planvedtak på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804
  - 185/22 Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø - PlanID 1256-20160010
  - 186/22 Spørsmål

### **161/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

#### **Handsaming:**

Sak 184/22 Klage på planvedtak på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804

og

Sak 185/22 Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø - PlanID 1256-20160010

vart ettersendt. Sakene vert sett på saklista. Dei to sakene vart handsama før sak 182/22.

Sak 165/22 vert handsama ca.kl. 11 Sak 182/22 vert handsama ca.kl. 14

Ellers ingen merknader, samrøystes.

### **KO- 161/22 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent med endringar.

**162/22: Godkjenning av møteprotokoll  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**KO- 162/22 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**163/22: Tilstandsrapport for barnevernet 2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar tilstandsrapport for 2022 til orientering.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Orientering ved tenesteleiar barnevern Sissel Frotjold.

**Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Kommunestyret takkar dei tilsette for arbeidet som vert gjort i tenesta, og tar tilstandsrapporten for 2022 til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KO- 163/22 Vedtak:**

Kommunestyret takkar dei tilsette for arbeidet som vert gjort i tenesta, og tar tilstandsrapporten for 2022 til orientering.

**164/22: Melding frå kontrollutvalet**

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KO- 164/22 Vedtak:**

Meldinga er teke til orientering.

**165/22: Forvaltningsrevisjon - Økonomistyring i Alver kommune**

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:

- a. å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
- b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
- c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
- d. å gjennomgå rutinane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.

- e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.

2. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 165/22 Vedtak:**

1. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Strategisk økonomistyring i Alver kommune» og ber kommunedirektøren om å:

- a. å innføre ein prosess for å få innspel frå avdelings- og tenesteleiarar om moglege utfordringar i høve system og rutinar.
- b. å gjennomføre ei arbeidsmiljøundersøking blant mellomleiarane i kommunen med særleg omsyn på opplevd arbeidspress.
- c. å tilby mellomleiarane auka støtte og opplæring i økonomifunksjonen
- d. å gjennomgå rutinane for synleggjering av driftskonsekvensar i investeringsvedtak med sikte på å tydeleggjere konsekvensane endå betre.
- e. å innfør detaljerte krav om KVU, KS1 og KS2 med forskjellig innslagspunkt i større prosjekt.

2. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan tredje kvartal 2023.

#### **166/22: Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Alver kommune - Høyringsuttale**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tilrår at innspel som gjeld sjøareal, motteke som innspel under høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel på land, vert sendt samla som innspel frå Alver kommune inn til arbeidet med Interkommunal plan for sjø.

#### **Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Sveinung Toff-V sa seg ugild grunna medlemskap i arbeidsgruppa for utarbeiding av planen. Utvalet erklærte han samrøystes som ugild, og han deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 162/22 innstilling:**

Kommunestyret tilrår at innspel som gjeld sjøareal, motteke som innspel under høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel på land, vert sendt samla som innspel frå Alver kommune inn til arbeidet med Interkommunal plan for sjø.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Det vart stilt spørsmål om habilitet frå Sveinung Toft som deltakar i uvalet. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at S.Toft er inhabil i denne saka.

Innstillinga frå utval for areal,plan og miljø vart samrøystes vedteke.

#### **Tilleggsframlegg frå S.Sekkingstad-SP og M.Andvik-KRF:**

Alver kommune er diverre i raudt trafikklys i PO4 og med det følgjer at produksjonskapasiteten for laks skal reduserast. Det er viktig at planen legg til rette for nye, framtidige løysingar som ikkje forverrar vasskvaliteten og kan bidra til å kome ut av raud sone og utvikling etter dette.

Det er viktig å unngå konflikter med viktige fiskefelt for yrkesfiske og fritidsfiske i forhold til akvakulturlokaliteter.

Den interkommunale planen må vurdere den samlede belastningen i våre ulike fjordsystemer. Det er viktig at planen gir en helhetlig vurdering av sjøarealene i Nordhordland for å fremme bærekraftig utvikling. Alver kommune mener det er positivt at planen har med krav til at miljøtilstanden i sjø- og fjordsystemene våre ikke skal forverres. Nordhordland er det eneste UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Det forplikter oss til å ha en bærekraftig bruk av sjøarealene våre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 166/22 Vedtak:**

Kommunestyret tilrår at innspel som gjeld sjøareal, mottake som innspel under høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel på land, vert sendt samla som innspel frå Alver kommune inn til arbeidet med Interkommunal plan for sjø.

Alver kommune er diverre i raudt trafikklys i PO4 og med det følgjer at produksjonskapasiteten for laks skal reduserast. Det er viktig at planen legg til rette for nye, framtidige løysingar som ikkje forverrar vasskvaliteten og kan bidra til å kome ut av raud sone og utvikling etter dette. Det er viktig å unngå konflikter med viktige fiskefelt for yrkesfiske og fritidsfiske i forhold til akvakulturlokaliteter.

Den interkommunale planen må vurdere den samlede belastningen i våre ulike fjordsystemer. Det er viktig at planen gir en helhetlig vurdering av sjøarealene i Nordhordland for å fremme bærekraftig utvikling. Alver kommune mener det er positivt at planen har med krav til at miljøtilstanden i sjø- og fjordsystemene våre ikke skal forverres. Nordhordland er det eneste UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Det forplikter oss til å ha en bærekraftig bruk av sjøarealene våre.

#### **167/22: Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902 - 2. gongs handsaming**

##### **KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, PlanID 1263-201902, som vist på plankart sist datert 16.06.2022 og med føresegner av revisjonsdato 10.10.2022.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12-12.»

#### **Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 152/22 innstilling:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, PlanID 1263-201902, som vist på plankart sist datert 16.06.2022 og med føresegner av revisjonsdato 10.10.2022.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12-12.»

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 167/22 Vedtak:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, PlanID 1263-201902, som vist på plankart sist datert 16.06.2022 og med føresegner av revisjonsdato 10.10.2022.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

**168/22: Saksframlegg - Søknad om trafikksikringsmidlar frå Vestland fylkeskommune  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om tilskot frå Vestland fylkeskommune sine trafikksikringsmidlar til å dekke inntil 50% av kostnadene som er stipulert for tiltaka som er lista opp i saksutgreiinga. Kommunal eigendel blir dekkja av investeringsbudsjettet for trafikksikringstiltak i 2023. Kommunen dekkjer evt overskytande kostnad etter anbodsinnhenting.

**Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 151/22 innstilling:**

Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om tilskot frå Vestland fylkeskommune sine trafikksikringsmidlar til å dekke inntil 50% av kostnadene som er stipulert for tiltaka som er lista opp i saksutgreiinga. Kommunal eigendel blir dekkja av investeringsbudsjettet for trafikksikringstiltak i 2023. Kommunen dekkjer evt overskytande kostnad etter anbodsinnhenting.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

**KO- 168/22 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om tilskot frå Vestland fylkeskommune sine trafikksikringsmidlar til å dekke inntil 50% av kostnadene som er stipulert for tiltaka som er lista opp i saksutgreiinga. Kommunal eigendel blir dekkja av investeringsbudsjettet for trafikksikringstiltak i 2023. Kommunen dekkjer evt overskytande kostnad etter anbodsinnhenting.

**169/22: Birkeland - Hella vassleidning**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Birkeland Hella vassleidning (prosjekt 34050) frå 16,2 mill. kr til 26,4 mill. kr. Auken på 10 mill. kr vert finansiert med 10 mill. kr i auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

Auken er lagt inn i budsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 som skal til politisk handsaming i desember 2022

**Alver formannskap 01.12.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 127/22 innstilling:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Birkeland Hella vassleidning (prosjekt 34050) frå 16,2 mill. kr til 26,4 mill. kr. Auken på 10 mill. kr vert finansiert med 10 mill. kr i auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

Auken er lagt inn i budsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 som skal til politisk handsaming i desember 2022

**Alver kommunestyre 15.12.2022:****Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 169/22 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Birkeland Hella vassleidning (prosjekt 34050) frå 16,2 mill. kr til 26,4 mill. kr. Auken på 10 mill. kr vert finansiert med 10 mill. kr i auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

Auken er lagt inn i budsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 som skal til politisk handsaming i desember 2022

**170/22: Manger reinseanlegg****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Manger reinseanlegg frå 36 mill. kr til 38,5 mill. kr. Auken på 2,5 mill. kr er knytt til avløpsdelen av prosjektet (prosjektnummer 35029).

Framdrifta på prosjektet noko endra, og budsjettramma i 2023 vert overført til 2022.

Auken i investeringa vert finansiert med auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

**Alver formannskap 01.12.2022:****Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 128/22 innstilling:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Manger reinseanlegg frå 36 mill. kr til 38,5 mill. kr. Auken på 2,5 mill. kr er knytt til avløpsdelen av prosjektet (prosjektnummer 35029).

Framdrifta på prosjektet noko endra, og budsjettramma i 2023 vert overført til 2022.

Auken i investeringa vert finansiert med auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:****Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 170/22 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke ramma for Manger reinseanlegg frå 36 mill. kr til 38,5 mill. kr. Auken på 2,5 mill. kr er knytt til avløpsdelen av prosjektet (prosjektnummer 35029).

Framdrifta på prosjektet noko endra, og budsjettramma i 2023 vert overført til 2022.

Auken i investeringa vert finansiert med auka bruk av lånemidlar. Prosjektet er knytt til sjølvkostregnskapen.

**171/22: Høyring - grunnrenteskatt på havbruk****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Saka blir lagt fram til politisk drøfting.



## **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

### **Handsaming:**

#### **Framlegg frå O.S.Namtveit-SP og N.Bognøy-AP:**

Eit berande prinsipp i norsk forvaltning og utnytting av våre felles naturressursar har alltid vore at eigarane og dei som vert råka av inngrep i naturen skal ha noko att for det. Når det gjeld havbruk er alle eigarar, medan dei kommunar der anlegga er plassert yter meir enn andre. Såleis er det god grunngeving for at dei som utnyttar denne ressursen gjev noko attende. Alver kommune er vertskommune for oppdrettsanlegg. Kommunestyret meiner at fellesskapen skal få tilbake meir av verdiane som vert skapt frå våre felles naturressursar. Ein grunnrenteskatt vil bety at ein større del av overskotet i oppdrettsnæringa går til fellesskapet og sikrar verksemd og verdiskaping i mange lokalsamfunn langs vår lange kyst.

Innretninga på grunnrenteskatten må utformast slik at fylgjande tilhøve vert ivaretatt:

Mangfald, norsk eigarskap, føreseielege rammevilkår og verdiskapinga i heile landet  
Små og mellomstore selskap må i hovudsak skjermast

Vertskommunane må få ein større del av inntektene enn no og lokalsamfunna  
(kommunane) må totalt sitja att med meir enn halvparten av inntektene

Det må leggjast til rette for at det framleis vil vera lønsamt å investera innan alle deler av oppdrettsnæringa.

Kommunestyret registrerer debatten om kva prising som skal leggjast til grunn for utrekning av grunnrenteskatt og meiner reell pris må leggjast til grunn.

Havbruksnæringa er ei viktig næring for kommunen og regionen. Kommunestyret meiner innføringa av grunnrenteskatt må vere føreseieleg for næringa, kommunar og anna verksemd knytt til næringa, dette innbefattar òg utdanningsinstitusjonar som utdannar fagkompetanse både yrkesfagleg og høgare utdanning til næringa.

Framlegget vart vedteke med 26 røyster, mot 16 røyster (N.Øvreås-FRP, C.Håland-H, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, S.Røskeland-H, A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, M.Andvik-KRF, S.Lavik-KRF, A.I.Solheim-FRP, M.Færø-uavh., S.Hopland-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

#### **Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Kommunestyret stiller seg positiv til at det vert innført ei grunnrenteskatt på havbruk, men vil presisere følgjande:

Prosessen med denne saka har vore dårleg og svært utfordrande å ta stilling til for næringa. Statsbudsjettet blei vedteke 1.12.22 med innføring av grunnrenteskatt frå 1.1.23 dette før høyringa er ferdig og tilbakemeldinger frå næringa og andre intresantar er gitt.

Kommunestyret meiner saka er så prinsipiell at det skulle vore nedsatt eit lovutval med representantar frå organisasjonane, næringa og stat/departement der bla innretninga burde vore klar før innføring for å finne bærekraftige løysingar med grunnrenteskatten.

Framlegget vart vedteke med 27 røyster, mot 15 røyster (N.Øvreås-FRP, C.Håland-H, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, S.Røskeland-H, S.Lavik-KRF, L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG, A.Nordlund-SV, M.Færø-uavh., S.Hopland-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

#### **Framlegg frå N.M.Aadland-H og I.Fjeldsbø-H:**

Forslag om grunnrenteskatt for havbruk må skrinleggjast. Næringa sin kompensasjon til samfunnet for bruk av sjøareal, kan som i dag baserast på betaling av vederlag for ny konsesjonskapasitet, produksjonsavgift og eventuelt ei form for arealleige.

Framlegget fekk 13 røyster og fall, mot 29 røyster (A.G.Eide-AP, A.Sylta-AP, K.Floen-AP, N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, P.I.Hopland-AP, T.Skurtveit-AP, A.K.Eknes-KRF, A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, J.Romarheim-KRF, M.Andvik-KRF, L.Johnsen-MDG, M.Greve-

MDG, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, O.S.Namtveit-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP, V.Villager-SP, A.Nordlund-SV, H.Brevik-uavh., K.O.Larsen-uavh., M.Klementsens-uavh. og S.Toft-V)

### **KO- 171/22 Vedtak:**

Eit berande prinsipp i norsk forvaltning og utnytting av våre felles naturressursar har alltid vore at eigarane og dei som vert råka av inngrep i naturen skal ha noko att for det. Når det gjeld havbruk er alle eigarar, medan dei kommunar der anlegga er plassert yter meir enn andre. Såleis er det god grunngeving for at dei som utnyttar denne ressursen gjev noko attende. Alver kommune er vertskommune for oppdrettsanlegg. Kommunestyret meiner at fellesskapen skal få tilbake meir av verdiane som vert skapt frå våre felles naturressursar. Ein grunnrenteskatt vil bety at ein større del av overskotet i oppdrettsnæringa går til fellesskapet og sikrar verksemd og verdiskaping i mange lokalsamfunn langs vår lange kyst.

Innretninga på grunnrenteskatten må utformast slik at fylgjande tilhøve vert ivaretatt:

Mangfald, norsk eigarskap, føreseielege rammevilkår og verdiskapinga i heile landet  
Små og mellomstore selskap må i hovudsak skjermast  
Vertskommunane må få ein større del av inntektene enn no og lokalsamfunna (kommunane) må totalt sitja att med meir enn halvparten av inntektene  
Det må leggjast til rette for at det framleis vil vera lønsamt å investera innan alle deler av oppdrettsnæringa.

Kommunestyret registrerer debatten om kva prising som skal leggjast til grunn for utrekning av grunnrenteskatt og meiner reell pris må leggjast til grunn.

Havbruksnæringa er ei viktig næring for kommunen og regionen. Kommunestyret meiner innføringa av grunnrenteskatt må vere føreseieleg for næringa, kommunar og anna verksemd knytt til næringa, dette innbefattar òg utdanningsinstitusjonar som utdannar fagkompetanse både yrkesfagleg og høgare utdanning til næringa. Kommunestyret stiller seg positiv til at det vert innført ei grunnrenteskatt på havbruk, men vil presisere følgjande:  
Proessen med denne saka har vore dårleg og svært utfordrande å ta stilling til for næringa. Statsbudsjettet blei vedteke 1.12.22 med innføring av grunnrenteskatt frå 1.1.23 dette før høyringa er ferdig og tilbakemeldingar frå næringa og andre intresantar er gitt.

Kommunestyret meiner saka er så prinsipiell at det skulle vore nedsatt eit lovutval med representantar frå organisasjonane, næringa og stat/departement der bla innretninga burde vore klar før innføring for å finne bærekraftige løysingar med grunnrenteskatten.

### **172/22: Inntektssystemet for kommunane NOU 2022-10 – høyring**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Merknader:

Alver kommunestyre har følgjande merknader til endringar i inntektssystemet for kommunane:

Utvalet foreslår å utjamne nokre av kommunane sine inntekter knytt til eigedomsskatt, men ikkje alle – og i tillegg vil utvalet at desse inntektene også skal fordelast til kommunar som ikkje har utnytta eiga potensiale for inntekter knytt til eigedomsskatt. Dette er Alver kommune kritiske til.

Vi står framfor store utfordringar knytt til det grønne skifte. Det er av avgjerande betydning at dei kommunane som avstår areal, til lands og til vanns, får trygghet for at dei får langsiktig kompensasjon for dette bidraget til storsamfunnet og beheld desse.

Omsynet til likeverdige tenester mellom kommunane må vektleggast, slik at det vert større grad av utjamning mellom kommunane – utjamning av skatt bør aukast til nær 100 %.

Alver kommune gir sin tilslutning til nasjonalt satte satser på inntekt og formue – lik skatt uavhengig av adresse i Noreg.

Det lokale sjølvstyret må kunne handtere eigedomsskatten og kunne fastsetje intervallet for promillesats, slik det var i 2019.

Ordninga med ressurskrevjande tenester må verte gjennomgått. Det øyremerkte tilskotet for ressurskrevjande tenester (toppfinansieringsordninga) må treffe meir presist og heilskapleg for kommunane – slik at naudsynte tenester vert inndeckt og likeverdige tenester sikra. Inntil dette er gjennomført, meiner Alver kommune at PU-vektiga ikkje endrast.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå O.S.Namtveit-SP:**

Alver kommune går mot at grunntilskotet til grunnskular vert føreslått tatt bort.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### **Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Kommunestyret meiner at toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester må vidareførast og ikkje innlemmast i inntektssystemet. Kommunestyret meiner at det er på tide å oppheve alderen for tilskotet, då 67 år er forlengst utdatert.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 172/22 Vedtak:**

##### **Merknader:**

Alver kommunestyre har følgjande merknader til endringar i inntektssystemet for kommunane:

Utvalet foreslår å utjamne nokre av kommunane sine inntekter knytt til eigedomsskatt, men ikkje alle – og i tillegg vil utvalet at desse inntektene også skal fordelast til kommunar som ikkje har utnytta eiga potensiale for inntekter knytt til eigedomsskatt. Dette er Alver kommune kritiske til.

Vi står framfor store utfordringar knytt til det grønne skifte. Det er av avgjerande betydning at dei kommunane som avstår areal, til lands og til vanns, får trygghet for at dei får langsiktig kompensasjon for dette bidraget til storsamfunnet og beheld desse.

Omsynet til likeverdige tenester mellom kommunane må vektleggast, slik at det vert større grad av utjamning mellom kommunane – utjamning av skatt bør aukast til nær 100 %.

Alver kommune gir sin tilslutning til nasjonalt satte satser på inntekt og formue – lik skatt uavhengig av adresse i Noreg.

Det lokale sjølvstyret må kunne handtere eigedomsskatten og kunne fastsetje intervallet for promillesats, slik det var i 2019.

Ordninga med ressurskrevjande tenester må verte gjennomgått. Det øyremerkte tilskotet for ressurskrevjande tenester (toppfinansieringsordninga) må treffe meir presist og heilskapleg for kommunane – slik at naudsynte tenester vert inndeckt og likeverdige tenester sikra. Inntil dette er gjennomført, meiner Alver kommune at PU-vektiga ikkje endrast.

Kommunestyret meiner at toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester må vidareførast og ikkje innlemmast i inntektssystemet. Kommunestyret meiner at det er på tide å oppheve alderen for tilskotet, då 67 år er forlengst utdatert.

Alver kommune går mot at grunntilskotet til grunnskular vert føreslått tatt bort.

### **173/22: Eigarskapsmelding del 1**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Eigarskapsmelding del 1. vedtakast.

#### **Alver formannskap 01.12.2022:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå L.Johnsen-MDG:**

Styrkje og erstatte siste setning i pkt 1 17 prinsipp for eigarstyring (side 8)

FN sine berekraftmål skal inkluderast i selskapa sine strategiar og ein skal arbeide aktivt med å følgje dette opp i dagleg drift.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, M.I.Wergeland-SP og S.Sekkingstad-SP)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 124/22 innstilling:**

Eigarskapsmelding del 1. vedtakast.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 173/22 Vedtak:**

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

### **174/22: Busetting av flyktningar i 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å busetje 180 flyktningar i 2023 tråd med oppmodingar frå IMDI.

Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet for 2023, men ber om ny sak om dette skulle bli aktuelt.

Alver kommune er ikkje bedt om å busetje einslege mindreårige. Kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med oppmoding om dette.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 174/22 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å busetje 180 flyktningar i 2023 tråd med oppmodingar frå IMDI.

Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet for 2023, men ber om ny sak om dette skulle bli aktuelt.

Alver kommune er ikkje bedt om å busetje einslege mindreårige. Kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med oppmoding om dette.

**175/22: Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023**  
**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

**Valstyret 01.12.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VAL- 002/22 Vedtak:**

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KO- 175/22 Vedtak:**

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

**176/22: Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røystekrinsar.**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek endring i røystekrinsane som vist i saksutgreiinga.

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

**Valstyret 01.12.2022:**

**Handsaming:**

**Framlegg M.I.Wergeland-SP:**

Tal røystekrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**VAL- 003/22 innstilling:**

Tal røystekrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KO- 176/22 Vedtak:**

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

## **177/22: Tilrettelegging - mikrofoner og streaming politiske møter**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

### **Alver formannskap 01.12.2022:**

#### **Handsaming:**

#### **Framlegg M.I.Wergeland-SP:**

Formannskapet ber om ei ytterlegare utgreiing av kostnader knytt til eventuelle bordmikrofonar i møterom for utval.

Framlegget fekk 4 røyster og fall.

#### **Framlegg frå E.M.Dale-KRF:**

Det vert installert for bordmikrofonar på eit møterom i RNH og på kommunehuset på Meland

Framlegget fekk 3 røyster og fall.

#### **Framlegg N.M.Aadland-H:**

På grunn av den alvorlege økonomiske stoda i Alver kommune blir det ikkje investert i nye mikrofonar i samband med streaming av politiske møte. Saka kan takast opp igjen når den økonomiske situasjonen tilseier det.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster.

#### **FO- 129/22 innstilling:**

På grunn av den alvorlege økonomiske stoda i Alver kommune blir det ikkje investert i nye mikrofonar i samband med streaming av politiske møte. Saka kan takast opp igjen når den økonomiske situasjonen tilseier det.

### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

#### **Handsaming:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 177/22 Vedtak:**

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

## **178/22: NGIR - organisering**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS.

Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette.

Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra

### **Alver formannskap 01.12.2022:**

#### **Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøyste vedteke.

#### **FO- 125/22 innstilling:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS.

Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette.

Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsming:**

##### **Framlegg frå S.Lavik-KRF og Ø.Bratshaug-H:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer seg i tråd med modell for selskapsstruktur, presentert i vedlegg til saka, side 3. Dei fire selskapene i NGIR blir då NGIR IKS, NGIR Næring AS, NGIR Drift AS og NGIR Hushald AS.

Framlegget vart vedteke med 32 røyster, mot 7 røyster.

Innstillinga frå formannskapet fekk 7 røyster og fall (O.S.Namtveit-SP, H.Breivik-uavh., K.O.Larsen-uavh., M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.), mot 32 røyster.

##### **KO- 178/22 Vedtak:**

Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer seg i tråd med modell for selskapsstruktur, presentert i vedlegg til saka, side 3. Dei fire selskapene i NGIR blir då NGIR IKS, NGIR Næring AS, NGIR Drift AS og NGIR Hushald AS.

#### **179/22: Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyre vedtek at eksisterande avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert forlenga fram til og med månaden siste kommunestyre i samarbeidet gjer vedtak om ny avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt.

Kommunestyret føreset at ny avtale vert handsama i første kommunestyremøte i 2023 i alle kommunane i samarbeidet.

#### **Alver formannskap 01.12.2022:**

##### **Handsamning:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO- 126/22 innstilling:**

Kommunestyre vedtek at eksisterande avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert forlenga fram til og med månaden siste kommunestyre i samarbeidet gjer vedtak om ny avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt.

Kommunestyret føreset at ny avtale vert handsama i første kommunestyremøte i 2023 i alle kommunane i samarbeidet.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsamning:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

##### **KO- 179/22 Vedtak:**

Kommunestyre vedtek at eksisterande avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert forlenga fram til og med månaden siste kommunestyre i samarbeidet gjer vedtak om ny avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt.

Kommunestyret føreset at ny avtale vert handsama i første kommunestyremøte i 2023 i alle kommunane i samarbeidet.

### 180/22: Budsjetthendingar 2022

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å endre budsjettet for 2022 i samsvar med endringstabell:

	Endringar i denne saka
<b>Sentrale poster</b>	
Skatt og rammetilskot	-40 000
Generelle inntekter	6 000
Sum auka inntekter 2022	-34 000
<b>Driftsbudsjett</b>	
Helse og omsorg - Refusjon resurskrevjande brukarar	10 000
Oppvekst - barnevern	-2 300
Teknisk forvaltning og drift - sjølvkost vatn	15 500
Sum reduserte inntekter/ auka utgifter drift	23 200
Sum endringar - positiv resultat effekt	-10 800
Redusert bruk av disposisjonsfond 2022	10 800

Endringane fører til 10,8 mill. kr i redusert bruk av disposisjonsfond i 2022.

#### Alver formannskap 01.12.2022:

##### Behandling:

Endring i kommunedirektøren sitt framlegg vart ettersendt:

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å endre budsjettet for 2022 i samsvar med endringstabell:

	Endringar i denne saka
<b>Sentrale poster</b>	
Skatt og rammetilskot	-40 000
Generelle inntekter	-5 000
Sum auka inntekter 2022	-45 000
<b>Driftsbudsjett</b>	
Helse og omsorg - Refusjon resurskrevjande brukarar	10 000
Oppvekst - barnevern	-2 300
Teknisk forvaltning og drift - sjølvkost vatn	15 500
Sum reduserte inntekter/ auka utgifter drift	23 200
Sum endringar - positiv resultat effekt	-21 800
Redusert bruk av disposisjonsfond 2022	21 800

Kommunedirektøren har endra framlegget etter at det vart kjent at regjeringa løyvde 800 mill. kr ekstra til havbruksfondet på nasjonalt nivå. Alver kommune sin andel av dette er



berekna å utgjere 11 mill. kr Tabellen i vedtaket er oppdatert med dette.

Kommunedirektøret sitt endra framlegg vart samrøytes vedteke.

#### **FO- 123/22 innstilling:**

Kommunestyret vedtek å endre budsjettet for 2022 i samsvar med endringstabell:

	<b>Endringar i denne saka</b>
<b>Sentrale poster</b>	
Skatt og rammetilskot	-40 000
Generelle inntekter	-5 000
Sum auka inntekter 2022	-45 000
<b>Driftsbudsjett</b>	
Helse og omsorg - Refusjon resurskrevjande brukara	10 000
Oppvekst - barnevern	-2 300
Teknisk forvaltning og drift - sjølvkost vatn	15 500
Sum reduserte inntekter/ auka utgifter drift	23 200
Sum endringar - positiv resultat effekt	-21 800
Redusert bruk av disposisjonsfond 2022	21 800

Kommunedirektøren har endra framlegget etter at det vart kjent at regjeringa løyvde 800 mill. kr ekstra til havbruksfondet på nasjonalt nivå. Alver kommune sin andel av dette er berekna å utgjere 11 mill. kr Tabellen i vedtaket er oppdatert med dette.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet fekk ingen røyster.

##### **Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Kommunestyret løyver 50 000 kr til Nordhordland Røde Kors sin julegåveaksjon. Midlane vert finansiert frå 1000 Politisk - Gåver.

Framlegget vart samrøytes vedteke.

##### **Framlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Kommunestyret vedtek å endre budsjettet for 2022 i samsvar med endringstabell:

	<b>Endringar i denne saka</b>
<b>Sentrale poster</b>	
Skatt og rammetilskot	-40 000
Generelle inntekter	-18 000
Sum auka inntekter 2022	-58 000
<b>Driftsbudsjett</b>	
Helse og omsorg – Refusjon resurskrevjande brukarar	10 000
Oppvekst – barnevern	-2 300
Teknisk forvaltning og drift – sjølvkost vatn	15 500
Sum reduserte inntekter / auka utgifter drift	23 200
Sum Endringar – positiv signaleffekt	-34 800

Redusert bruk av disposisjonsfond 2022	34 800
--	--------

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KO- 180/22 Vedtak:**

Kommunestyret løyver 50 000 kr til Nordhordland Røde Kors sin julegåveaksjon. Midlane vert finansiert frå 1000 Politisk - Gåver.

Kommunestyret vedtek å endre budsjettet for 2022 i samsvar med endringstabell:

	Endringar i denne saka
<b>Sentrale poster</b>	
Skatt og rammetilskot	-40 000
Generelle inntekter	-18 000
Sum auka inntekter 2022	-58 000
<b>Driftsbudsjett</b>	
Helse og omsorg – Refusjon resurskrevjande brukarar	10 000
Oppvekst – barnevern	-2 300
Teknisk forvaltning og drift – sjølvkost vatn	15 500
Sum reduserte inntekter / auka utgifter drift	23 200
Sum Endringar – positiv signaleffekt	-34 800
Redusert bruk av disposisjonsfond 2022	34 800

#### **181/22: Gebyr- og betalingssatsar 2023 - Alver kommune**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssatsar for 2023, slik dei går fram av framlegg i vedlagte link til Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-gebyr-og-betalingssatsar-2023/>

Særskilte vedtak i forhold til lov og forskrift:

- Med heimel i Lov om havner og farvann (havne -og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtar Alver kommunestyre revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.
- Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til ny gebyrforskrift for 2023 for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova på høyring, jf. forvaltningslova § 37.
- Alver kommunestyre vedtar gebyrforskrift for ny gebyrforskrift for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova for 2023.

#### **Alver formannskap 01.12.2022:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå N.M.Aadland-H:**

Kommunedirektøren blir beden om å snarast gjennomføre ei streng prioritering av kva tiltak innan sjølvkost som kan utsetjast. Dette for å redusere den store prisauken i kommunale gebyr i 2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 130/22 innstilling:**

«Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssetninger for 2023, slik dei går fram av framlegg i vedlagte link til Framsikt:

[https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-gebyr\\_og\\_betalingssetninger\\_2023/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-gebyr_og_betalingssetninger_2023/)

Særskilte vedtak i forhold til lov og forskrift:

- Med heimel i Lov om havner og farvann (havne -og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtar Alver kommunestyre revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.
- Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til ny gebyrforskrift for 2023 for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova på høyring, jf. forvaltningslova § 37.
- Alver kommunestyre vedtar gebyrforskrift for ny gebyrforskrift for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova for 2023.

Kommunedirektøren blir beden om å snarast gjennomføre ei streng prioritering av kva tiltak innan sjølvkost som kan utsetjast. Dette for å redusere den store prisauken i kommunale gebyr i 2023.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:****Handsaming:****Framlegg frå N.M.Aadland-H:**

Kommunedirektøren blir beden om å snarast gjennomføre ei streng prioritering av kva tiltak innan sjølvkost som kan utsetjast. Dette for å redusere den store prisauken i kommunale gebyr i økonomiplanperioden.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå SV, R og MDG ved A.Nordlund-SV:**

Kommunestyret vedtar å endre lokasjon for hovedrenseanlegg for Knarvik til det rimeligste alternativet. Det er anslått at det vil koste 135 millioner mindre, men det vil kunne gi opp mot 200 millioner i innsparing. Det er estimert at innsparingen per husstand med det rimeligste alternativet vil gi hver husstand en årlig innsparing på 1700 kroner.

Framlegget fekk 7 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG, A.Helle-R, L.Bjørge-SP, O.S.Namtveit-SP, A.Nordlund-SV og S.Toft-V) og fall, mot 37 røyster  
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke med endring.

**KO- 181/22 Vedtak:**

«Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssetninger for 2023, slik dei går fram av framlegg i vedlagte link til Framsikt:

[https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-gebyr\\_og\\_betalingssetninger\\_2023/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-gebyr_og_betalingssetninger_2023/)

Særskilte vedtak i forhold til lov og forskrift:

- Med heimel i Lov om havner og farvann (havne -og farvannsloven) av 21.06.2019 § 33 vedtar Alver kommunestyre revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.
- Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til ny gebyrforskrift for 2023 for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter forureiningslova på høyring, jf. forvaltningslova § 37.
- Alver kommunestyre vedtar gebyrforskrift for ny gebyrforskrift for plansaker, bygge-, dele- og dispensasjonssaker, oppmåling, eigarseksjonering og utslepp etter

forureiningslova for 2023.

Kommunedirektøren blir beden om å snarast gjennomføre ei streng prioritering av kva tiltak innan sjølvkost som kan utsetjast. Dette for å redusere den store prisauken i kommunale gebyr i 2023.

## **182/22: Økonomiplan 2023-2026**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2023 og for økonomiplanperioden 2023-2026 blir vedteke jfr. Bevilgningsoversikter Investering etter § 5-5. Budsjettet er basert på forventta framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt. Sum investeringsutgifter i 2023 vert budsjettet med 328 386 000 kr. Bruk av lånemidlar vert budsjettet med 242 939 000. Låneopptak til investeringsprosjekta vert avrunda fastsett til 243 000 000 kr. Øvrig finansiering framgår av bevilgningsoversikten. I tillegg vert det budsjettet med opptak av startlån for vidareutlån i Husbanken på 150 000 000 i 2023 slik det framgår av bevillingsoversikten. Låneopptak skal skje ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.
2. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke med sum netto driftsrammer for dei sju sektorane, jf. eigen tabell.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2023 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vere lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25.
5. Basert på endringar i borne- og elevtall i dei kommende åra, ber Kommunestyret kommunedirektøren om å starte arbeidet med barnehage og skulebruksplan for Alver kommune
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å starte arbeidet med taksering av næringseigedomar i 2023 med sikte på å innføre eigedomsskatt på all næring i 2024.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med taksering av hus, hytter og tomter med sikte på å innføre eigedomsskatt i 2024. Det er sett av 1,5 mill. kr til takseringsarbeidet i 2023. Dersom anbudsprosessen viser at takseringsarbeidet vert dyrare, ber kommunedirektøren om å ta resultatet inn i tertialrapporteringa i 2023.
8. Det vert gjeve ei ramme på 1 924 000 kr til kontrollutvalet.
9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 26 535 000 kr. I tillegg kjem dekking renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik som tilsaman utgjør 3 228 000 kr.

10. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
11. Godtgjersle til ordfører er 1 064 318 kr og varaordfører 638 591 kr. Dette er i samsvar med godtgjersle til stortingsrepresentantar pr 1. mai 2022. Løna skal regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

#### **Eldreråd 28.11.2022:**

##### **Handsaming**

Janne Sund-kommunalsjef økonomi orienterte og svarta på spørsmål.

##### **Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale til Økonomiplan 2023-2026:**

Det er ein sterk vekst av eldre og ein nedgang i barnetalet i Alver. Økonomiplanen bør avspegla den demografiske utviklinga.

Med omsyn til den svært krevjande økonomiske situasjonen, kan elderrådet akseptera at det mellombels kan innførast eigedomsskatt i Alver.

Eldrerådet er positiv til at det blir utarbeidd ein heilskapleg skulebruksplan i Alver.

Eldrerådet meiner tiltak retta mot barn og ungdom må skjermast, det gjeld mellom anna tiltak som MOT.

Eldrerådet advarar mot å byggja ned planleggings-kapasiteten i kommunen.

Eldrerådet meiner det hastar med å utvida kyrkjegarden på Lindås, og ser positivt på at denne investeringa har fått plass i forslaget til økonomiplan.

Eldrerådet ser behovet for at Alver kommune får på plass ein seniorpolitikk med tiltak som mellom anna legg til rette og stimulerer til at eldre arbeidstakarar står lenger i jobb.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

##### **ER- 050/22 uttale:**

Det er ein sterk vekst av eldre og ein nedgang i barnetalet i Alver. Økonomiplanen bør avspegla den demografiske utviklinga.

Med omsyn til den svært krevjande økonomiske situasjonen, kan elderrådet akseptera at det mellombels kan innførast eigedomsskatt i Alver.

Eldrerådet er positiv til at det blir utarbeidd ein heilskapleg skulebruksplan i Alver.

Eldrerådet meiner tiltak retta mot barn og ungdom må skjermast, det gjeld mellom anna tiltak som MOT.

Eldrerådet advarar mot å byggja ned planleggings-kapasiteten i kommunen.

Eldrerådet meiner det hastar med å utvida kyrkjegarden på Lindås, og ser positivt på at denne investeringa har fått plass i forslaget til økonomiplan.

Eldrerådet ser behovet for at Alver kommune får på plass ein seniorpolitikk med tiltak som mellom anna legg til rette og stimulerer til at eldre arbeidstakarar står lenger i jobb.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 28.11.2022:**

##### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Janne Sund-kommunalsjef økonomi og Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg

## **Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:**

### **Økonomiplan:**

- RMNF er uroa over den økonomiske stoda for Alver kommune og planane om nedskjeringar i habiliteringstenester / psykisk helse og rus, i tillegg til uspesifiserte innsparingar i helse/omsorg og skule. Vi er redd dette vil ha negativ verknad på livskvaliteten til menneske med nedsett funksjonsevne. Kortsiktige innsparingar kan òg gje auka kostnadar fram i tid.
- Ved innsparing i skule og barnehage, må ein sikre at alle born framleis vert sett og får den tilrettelegginga dei treng og har krav på.
- Vi ber om at RMNF og brukarorganisasjonar vert involvert ved vesentlege endringar i tenestetilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne.
- Vi ber om at kjøp av plassar på Guttas Campus eller likeverdig tilbod vert vidareført.
- Det er bra at det er avsett ressursar basert på forventta demografiutvikling, men det er òg nødvendig å etablera økt kapasitet i tide, enten det gjeld bustad, arbeids og aktivitetstilbod eller anna som krev lengre planlegging og gjennomføring.
- RMNF har vorte kontakta av ein innbyggjar, som meiner det er urimeleg at personar som søker om å få montert utvendig trappeheis må betala gebyr for å få behandla søknaden. Ein slik heis er eit midlertidig tiltak, som vert fjerna når den som treng den ikkje lenger bur i huset. RMNF er einig i at dette synest som urimeleg å måtta betala eit slikt gebyr, som følgje av at ein har fått ei funksjonshemming som gjer at ein ikkje lenger kan bruka trappa. Vi ber om at det vert innarbeidd ei presisering i gebyrregulativet, om at det ikkje skal krevjast gebyr for utvendige trappeheisar og tilsvarande midlertidige installasjonar.

## **RMNF- 058/22 uttale:**

### **Økonomiplan:**

- RMNF er uroa over den økonomiske stoda for Alver kommune og planane om nedskjeringar i habiliteringstenester / psykisk helse og rus, i tillegg til uspesifiserte innsparingar i helse/omsorg og skule. Vi er redd dette vil ha negativ verknad på livskvaliteten til menneske med nedsett funksjonsevne. Kortsiktige innsparingar kan òg gje auka kostnadar fram i tid.
- Ved innsparing i skule og barnehage, må ein sikre at alle born framleis vert sett og får den tilrettelegginga dei treng og har krav på.
- Vi ber om at RMNF og brukarorganisasjonar vert involvert ved vesentlege endringar i tenestetilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne.
- Vi ber om at kjøp av plassar på Guttas Campus eller likeverdig tilbod vert vidareført.
- Det er bra at det er avsett ressursar basert på forventta demografiutvikling, men det er òg nødvendig å etablera økt kapasitet i tide, enten det gjeld bustad, arbeids og aktivitetstilbod eller anna som krev lengre planlegging og gjennomføring.
- RMNF har vorte kontakta av ein innbyggjar, som meiner det er urimeleg at personar som søker om å få montert utvendig trappeheis må betala gebyr for å få behandla søknaden. Ein slik heis er eit midlertidig tiltak, som vert fjerna når den som treng den ikkje lenger bur i huset. RMNF er einig i at dette synest som urimeleg å måtta betala eit slikt gebyr, som følgje av at ein har fått ei funksjonshemming som gjer at ein ikkje lenger kan bruka trappa. Vi ber om at det vert innarbeidd ei presisering i gebyrregulativet, om at det ikkje skal krevjast gebyr for utvendige trappeheisar og tilsvarande midlertidige installasjonar.

## **Ungdomsråd 28.11.2022:**

### **Handsaming:**

Orientering i saka v/Janne Sund

Ungdomsrådet arbeida fram ein felles uttale på dei punkta dei meiner er viktige å formidle i saka, uttalen kjem i sin heilhet i vedtaket.

#### **UR- 048/22 uttale:**

Vi ynskjer først å peike på dei innspela som vart gjeve til formannskapet i august 2022, der ungdomsrådet hadde følgjande innspel på tiltak som er viktig for dei unge i kommunen:

- Ungdomsklubbar, fleie dagar i uken og ny klubb i Knarvik.
- Helsesjokepleiarar i skulen, med meir tid til kvar enkelt elev.
- Halde fram MOT på ungdomsskulen.
- Halde fram Ungdomskontakten Salto
- Halde fram tilbod om Open hall.
- Halde fram arrangementer i hallane, aktivitetar og utfluktar for ungdom.
- Kortare ventetid på psykolog for ungdom.
- Betre opningstid på Helsestasjon for ungdom.
- Betre uteområde på ungdomsskulane
- Miljøterapeuter i ungdomsskulen

Til kommunedirekøren sitt framlegg til økonomiplan og budsjett, har vi følgjande innspel:

- Ikkje kutt MOT frå 2023.

Vi meiner MOT er viktig i ungdomsskulen og ber om at programmet kan halde fram. Vi opplev at MOT er med på å skapa betre klassemiljø og fellesskap i klassane, og betre livsmeistring for den enkelte. MOT gjev også betre overgang mellom barneskule og ungdomsskule.

- Kutt i kultur frå 2024-

Ikkje kutt i tilbod til barn og unge. Ungdomsklubbane, arrangementer, Open hall og ferieaktivitetar er som vi påpeikte til formannskapet i august viktige for trivsel for barn og unge.

- Framlegg om investering i lærebøker.

Vi har fått innspel frå elevråd på Radøy ungdomsskule om for dårlege lærebøker. Dei er utdaterte og har mykje feil. Elevane opplev å få mange kopiar og hefter, som det ikkje er lett å halde orden i.

Vi meiner at alle elevråd i kommunen må få uttale seg om korleis dei opplev undervisninga og ulike verktøy for læring. I dag opplev mange å få kopiark, hefter, utdaterte lærebøker i kombinasjon med digitale verktøy.

Vi meiner kommunen sjå gjennom bruken av ulike verktøy og materiell, høyre på innspel frå elevar/elevråd og samstundes sikra finansiering av oppdaterte lærebøker der det er behov. Mange liker ein god fysisk lærebok, ikkje alt digitalt.

- Innsparing, Helse og omsorg

Vi meiner kommunen bør sjå om ein kan effektivisere helse og omsorg, slik at ein ikkje må auke budsjettet så mykje som økonomiplanen seier. Til dømes, kan betre bruk av velferdsteknologi redusere behovet?

- Innsparing, Oppvekst og skular.

Vi er ikkje i mot å leggje ned skular for å betre økonomien, men da må innsparingen vere eit ledd i å behalde andre tilbod til barn og unge (t.d. unngå kutt i kultur og MOT).

Vi meiner det kan vere fordelar ved å leggje ned skular, dersom det bidreg til større fellesskap for elevane gjennom større klassar og fleire medelevar på skulen.

## **Administrasjonsutval 30.11.2022:**

### **Behandling:**

Orientering ved kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun.  
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

### **Uttale frå Norsk sykepleierforbund ved HTV Silje Fanebust:**

I forbindelse med budsjettprosessen så ønsker Norsk sykepleierforbund i Alver å legge ved denne uttalen.

Norsk sykepleierforbund er opptatt av tjenestetilbudet i skolehelsetjenesten.

Skolehelsetjenesten i Alver har i dag ett lavere antall helsesykepleiere per elev i skolen enn anbefalt ut ifra Helsedirektoratet sine anbefalte normtall. I tillegg har oppvekstreformen tydeliggjort behovet for å satse på tidlig innsats og forebygging. Vi ser at utfordring bilde rundt psykisk helse, spiseforstyrrelse, psykososiale utfordringer i klassemiljøene og skolevegning er økende hos barn og ungdom i både barne,- ungdom og videregående skole.

Helsesykepleiere i skole har en nødvendig rolle i barnas hverdag for å komme i posisjon for å følge opp og avdekke psykisk uhelse og skolevegning, men og vold og overgrep i nære relasjoner. Det forutsetter en viss tilstedeværelse på skolene for å kunne komme i en slik posisjon.

Slik ressurstildelingen i skolehelsetjenesten er i dag, er denne tjenesten smurt tynt utover alle skolene. Dette medfører at tilgjengeligheten og kontinuiteten på helsesykepleiere i skolen for barna er sårbar.

Ungdomsrådet har og pekt på utfordringer rundt helsesykepleiertilbudet til barn og unge der de etterlyser økt åpningstid på helsestasjon for ungdom, og mer tid per elev for helsesykepleiere i skolen.

### **Uttale frå Utdanningsforbundet ved Jarle Næss:**

Utdanningsforbundet Alver ser med uro på den økonomiske situasjonen som Alver kommune no befinn seg i. Det er heilt klart behov for store innsparingar, og vi har stor forståing for at kommunedirektøren og Kommunestyret har ein krevjande jobb i høve til å leggje fram og vedta økonomiplanen for dei neste åra. Samstundes er det vår jobb å påpeike kva konsekvensar vi ser av dei kuttforlagga som no ligg føre. Vi er forplikta til å seie ifrå idet vi opplever at drifta ikkje er, eller har moglegheit til å vere, innanfor det lovpålagte og forsvarlege. Ein del førebyggjande tiltak er ikkje lovpålagte. Her har vi forskingsmessig belegg for å hevde at innsparingar på kort sikt, vil vere vesentleg dyrare på litt lengre sikt, og jo lenger periode vi er utan førebyggjande tiltak, jo meir kostbart vil det bli. Det vil vere feil å berre snakke om dei økonomiske konsekvensane. Sparetiltaka har potensiale til å gje store menneskelege konsekvensar for einskildborn og -elevar. For få månadar sidan hadde vi ein omfattande lærarstreik som blei avslutta etter tvunge lønsnemnd, av omsyn til dei mest sårbare elevane. Utdanningsforbundet Alver bed innstendig om at omsynet til sårbare barn og unge òg blir teljande i høve til kor og korleis innsparingar blir gjennomførte i Alver kommune.

I fleire samanhengar har Utdanningsforbundet av kommuneleiinga blitt skulda for å svartmale situasjonen når vi har snakka om korleis våre leiarar og tilsette opplever arbeidssituasjonen sin. Dessverre er det sånn at når barnehage- og skuleeigar gjentatte gonger ovanfor politisk hald, t.d. i tilstandsrapportar og no i Kommunedelplan oppvekst, ikkje skriv eller seier noko om korleis stoda faktisk er i barnehagane og skulane, men om korleis stoda burde ha vore, så står Utdanningsforbundet ganske åleine om å balansere dette biletet. Vi vil oppmode kommunestyrepolitikarane til å lese dei innspela som i økonomiplanprosessen har kome frå leiarar og tillitsvalde innan dei ulike tenesteområda i oppvekst. Særskilt er referatet frå skulesektoren sterk lesing.

Det som går att når vi snakkar med våre medlemmar, er generelt at dei er slitne, og at det ikkje er samsvar mellom den bemanninga og dei ressursane dei har til rådigheit, og dei oppgåvene dei skal løyse. Når det gjeld synspunkt på økonomiplanen og dei kuttforlagga som ligg føre, så seier leiarane at dei opplever at dei frå før balanserer heilt på grensa i høve



til lovlegheit og forsvarlegheit, og at det t.d. i mange av skulane er omtrent umogleg å halde lærarnorma samstundes som einskildvedtak om spesialundervisning og ei auke i utagering og psykiske utfordringar blant elevane må handterast. I mangel på læremiddel, både lærebøker og digitale læremiddel, blir lærarane påført mykje ekstraarbeid med å lage undervisningsopplegg med tilstrekkeleg god kvalitet. Alt tyder på at dette er ei ekstra belastning som lærarane blir ståande i i lang tid framover.

Forslaget om å kutte 6,5 lærarårsverk frå eit allereie opplevd minimumsnivå, samt å fjerne og redusere ulike førebyggjande tiltak, har fått nokre av rektorane til å stille seg spørsmålet om dei er villige til å stå ansvarlege for drifta vidare, eller om dei skal finne seg noko anna å gjere.

Når det gjeld forslaget om å leggje ned spesialpedagogisk støtteining barnehage og plassere dei tilsette ut i dei kommunale barnehagane, har Utdanningsforbundet Alver følgjande kommentar: Arbeidsgjevar sine argument om å følgje tilrådinga til skuleforskar Thomas Nordahl (i

Stortingsmelding) og tilrådinga til Alver kommune sitt prosjekt Universell pedagogikk, er heller tvilsame. Nordahl sine forslag om endra organisering av spesialundervisning dreier seg om skule, og er i tillegg frå mange hald blitt sterkt kritisert. Prosjekt Universell pedagogikk har ikkje gitt tilråding til denne endringa, men konkludert med at det på eit tidspunkt er fornuftig å ta ein gjennomgang i høve til korleis spesialpedagogikken i barnehagesektoren bør organiserast. Det er to heilt forskjellige ting. Utdanningsforbundet Alver har god grunn til å tru at spesialpedagogane kjem til å inngå i den ordinære bemanninga i dei kommunale barnehagane, vere ein del av bemannings- og pedagognorma, og at det spesialpedagogiske arbeidet vil bli utvatna med at spesialpedagogane òg blir sett til anna ordinært arbeid i barnehagane. Det vil bli eit betydeleg kvalitetstap for spesialundervisninga at eit kompetent fagmiljø blir splitta. I tillegg vil denne nye organiseringa syte for at dei private barnehagane ikkje lenger kan nytte teamet sin spesialpedagogiske kompetanse, og dei private barnehagane må ut på marknaden for å finne spesialpedagogar som det er stor mangel på. Utdanningsforbundet Alver fryktar at spesialpedagogane forsvinn, anten til andre kommunar eller til private.

Det er positivt at det er føreslått styrking av bemanninga i barnehagane for å sikre at pedagogane får tatt ut plantida si. Det er godt kjent at veldig mykje av pedagogane si plantid no forsvinn på grunn av at det ikkje er forsvarleg at dei forlet barna på avdelinga som følgje av tynn grunnbemanning i kombinasjon med høgt sjukefråvere. Difor meiner Utdanningsforbundet Alver at det er for lenge å vente på denne bemanningsauka heilt til 2025.

Det er føreslått å kutte MOT-tilbodet i ungdomsskulane, noko som kommunedirektøren meiner skal gje ei innsparing på 1 million pr år. Mange av MOT-coachane er lærarar i skulane i dag, der dei har MOT-timane som ein del av sine stillingar. Her vil det ikkje gje noko innsparing når MOT-timane forsvinn, for då skal elevane ha annan undervisning som kostar mist det same som MOT-timane. Utdanningsforbundet Alver stiller difor spørsmålsteikn med kommunedirektøren sitt reknestykke.

Den nye Oppvekstreforma held tidleg innsats som ein grunnpilar for heile reforma. Dei siste året har arbeidet med tidleg innsats i skulen blitt redusert i Alver kommune, då store delar av ressursane har gått til finansiering av minstenorma for lærartettleik, oppfølging av nye framandkulturelle elevar, samt elevar med store utfordringar knytt til utagering og/eller psykisk helse. I tillegg har og andre førebyggjande tiltak blitt bygd ned. Mellom anna har miljøterapeutstillingar forsvunne. Ressursane til desse miljøterapeutstillingane som skulane mista i 2022, skulle vore brukt til etablering av eit såkalla barnehage- og skulemiljøteam innunder PPT. Her har tilsetjinga blitt stansa, og dei tilsette ved PPT er med rette urolege for at dette teamet aldri kjem på plass.

Det å redusere drifta til Salto og fritidsklubbar, forsterkar ytterlegare Alver kommune si vandring vekk frå førebygging og over til meir og meir brannsløkking.

Det er ein stor fare for at kutt i tidleg innsats og førebyggjande tiltak ganske raskt vil føre til

akutt behov for fleire dyre og omfattande tiltak.

Utdanningsforbundet Alver håper at Kommunestyret greier å einast om ein økonomiplan som sikrar både lovleg og forsvarleg drift i våre avdelingar i oppvekstsektoren.

**ADM- 031/22 uttale:**

Saka er teke til orientering.

**Alver formannskap 01.12.2022:**

**Handsaming:**

**Tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg vart ettersendt:**

I tillegg til punkt 1 i kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett gjerest det framlegg om å løyve investeringsmidlar til brannsikring i kyrkjene, i tråd med krav etter tilsyn. Det vert løyvd kr 750.000,- for 2023 og kr 750.000,- i 2024. Investeringa skal finansierast med tilsvarande auka bruk av lånemidlar for 2023 og 2024. Renter og avdragseffekt på investeringa vert finansiert ved auka bruk/ redusert avsetnad på disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 131/22 innstilling:**

1. Investeringsbudsjettet for 2023 og for økonomiplanperioden 2023-2026 blir vedteke jfr. Bevilgningsoversikter Investering etter § 5-5. Budsjettet er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt. Sum investeringsutgifter i 2023 vert budsjettet med 328 386 000 kr. Bruk av lånemidlar vert budsjettet med 242 939 000. Låneopptak til investeringsprosjekta vert avrunda fastsett til 243 000 000 kr. Øvrig finansiering framgår av bevilgningsoversikten. I tillegg vert det budsjettet med opptak av startlån for vidareutlån i Husbanken på 150 000 000 i 2023 slik det framgår av bevillingsoversikten. Låneopptak skal skje ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1. De vert løyva investeringsmidlar til brannsikring i kyrkjene, i tråd med krav etter tilsyn. Det vert løyvd kr 750.000,- for 2023 og kr 750.000,- i 2024. Investeringa skal finansierast med tilsvarande auka bruk av lånemidlar for 2023 og 2024. Renter og avdragseffekt på investeringa vert finansiert ved auka bruk/ redusert avsetnad på disposisjonsfondet.
2. Økonomiplan for 2023-2026 og årsbudsjett for 2023 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2023 blir vedteke med sum netto driftsrammer for dei sju sektorane, jf. eigen tabell.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2023 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattreglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vere lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2023 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf.

eigedomsskattelova § 25.

5. Basert på endringar i borne- og elevtall i dei kommende åra, ber Kommunestyret kommunedirektøren om å starte arbeidet med barnehage og skulebruksplan for Alver kommune
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å starte arbeidet med taksering av næringseigedomar i 2023 med sikte på å innføre eigedomsskatt på all næring i 2024.
7. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med taksering av hus, hytter og tomter med sikte på å innføre eigedomsskatt i 2024. Det er sett av 1,5 mill. kr til takseringsarbeidet i 2023. Dersom anbudsprosessen viser at takseringsarbeidet vert dyrare, ber kommunedirektøren om å ta resultatet inn i tertialrapporteringa i 2023.
8. Det vert gjeve ei ramme på 1 924 000 kr til kontrollutvalet.
9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 26 535 000 kr. I tillegg kjem dekking renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik som tilsaman utgjør 3 228 000 kr.
10. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
11. Godtgjersle til ordfører er 1 064 318 kr og varaordfører 638 591 kr. Dette er i samsvar med godtgjersle til stortingsrepresentantar pr 1. mai 2022. Løna skal regulerast per mai 2023 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Innlegg ved leiar og nestleiar i ungdomsrådet, nestleiar eldrerådet og leiar i råd formenneske med nedsett funksjonsevne.

Det var trekking av rekkefølge til debatten, 1. SP, 2. H, 3. UAVH., 4. R, 5. FRP, 6. KRF, 7. V, 8. SV, 9. MDG, 10. AP

##### **Framlegg frå L.Taule SP:**

<https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-senterpartiet/#/polsim/politicalsimulation/>

Framlegget fekk 13 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, O.S.Namtveit-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV og S.Toft-V)

##### **Framlegg frå H, AP, KRF og FRP ved I.Fjeldsbø-H:**

[https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-budsjett\\_høgre, krf, frp og ap/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-budsjett_høgre, krf, frp og ap/#/polsim/politicalsimulation/)

Framlegget vart vedteke med 28 røyster (A.G.Eide-AP, A.Sylta-AP, K.Floen-AP, N.Bognøy-AP, Ø.Oddekallv-AP, P.I.Hopland-AP, T.Skurtveit-AP, N.Øvreås-FrP, C.Håland-H, Heine Fyllingsnes-H, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, S.Røskeland-H, A.K.Eknes-KrF, A.Hetlebakke-KrF, A.Byrknes-KrF, E.M.Dale-KrF, J.Romarheim-KrF, M.Andvik-KrF, S.Lavik-KrF, S.Sekkingstad-SP, A.I.Solheim-UAV, K.O.Larsen-UAV, M.Klementsens-UAV, og T.Sletten-Hansen-UAV.)

##### **Framlegg frå M.Færø-uavh.:**

[https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-folkeparti\\_alver\\_2023/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-folkeparti_alver_2023/#/polsim/politicalsimulation/)

Framlegget fekk 6 røyster og fall (H.Brevik-uavh., K.O.Larsem-uavh., M.Færø-uavh.,

M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

#### **Framlegg verbalpunkt frå A.Byrknes-KRF:**

Kyrkjetomt Frekhaug:

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram sak kyrkjetomt jmf intensjonsavtalen mellom AKF og Alver kommune. Det skal greiast ut kva forpliktingar kommunen har gjennom denne intensjonsavtalen ref. AKF sitt brev til kommunestyret. Saka skal leggjast fram i fyrste møte i FO 2023.

Framlegget fekk 19 røyster og fall (A.K.Eknes-KRF, A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, J.Romarheim-KRF, M.Andvik-KRF, S.Lavik-KRF, L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, O.S.Namtveit-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP, V.Villanger-SP og S.Toft-V)

#### **Framlegg verbalpunkt frå SV og R ved A.Helle-R:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren gjere greie for kva verkemiddel kommunen kan ta i bruk for å sikra ein sosial profil ved ei eventuell framtidig innføring av eigedomskatt, med bunnfrådrag og ulike satsar. Vi ynskjer at det vert gjort greie for moglege ordningar for fritak, geografisk differensiering og andre tiltak som kan sikra ein god omfordelende profil, og som skjermar innbyggjarar med låg formue. Utgreiinga skal presenterast som eit kunnskapsgrunnlag for kommunestyret.

Framlegget fekk 13 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG, L.Bjørge-SP, L.Taule-SP, L.van der Kooij-SP, M.B.Gjerde-SP, M.I.Wergeland-SP, O.S.Namtveit-SP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV og S.Toft-V)

#### **Framlegg S.Toft-V:**

Nytt verbalpunkt.

Det regulerte friluftsområdet i Lonena skal forhandlast ferdig i 2023 med formål innløyning. Det vart stild spørsmål frå J.Romarheim om habilitet til dette punktet. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at J.Romarheim er habil i dette verbalpunktet.

Framlegget vart vedteke med 35 røyster, mot 9 røyster (A.G.Eide-AP, K.Floen-AP, N.Bognøy-AP, C.Håland-H, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H og S.Røskand-H)

#### **1. Sp, Ap, H, KrF, Frp**

##### **DAGSENTERTILBOD YNGRE PERSONAR MED DEMENS**

Ressursnivået som er brukt på tilbod for yngre personar med demens i Alver kommune i 2022, skal for 2023 oppretthaldast.

Alver kommune skal ha eit tilbod for yngre personar med demens.

Tilbodet skal innarbeidast i den heilskaplege demensplanen som er planlagt.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **2. Sp, H, KrF, Frp, Ap**

##### **ORGANISASJONSPROSJEKT ALVER KOMMUNE**

Det må snarast setjast i gong eit prosjekt i heile kommuneorganisasjonen der målet er å finne ei berekraftig og framtidretta drift av kommunen. Ei kontinuerleg forbetring der ein bla tar metoden LEAN i bruk skal vurderast.

Kommunestyret meiner ein som organisasjon må ha god kunnskap i kva kompetanse som er rett kompetanse for å løyse oppgåvene til ei kvar tid i tenesteområda.

Kommunestyret viser til Fagforbundet si uttale til kommunestyret der dei peikar på at Alver kommune si organisering må evaluerast, og at ein går igjennom heile organisasjonen, alle sektorar, tenesteområde og avdelingar. Vi er samde med Fagforbundet, og organisasjonsprosjektet må ha god dialog og samhandling med tillitsvalde og vernetenesta

gjennom bla administrasjonsutvalet.

Det skal utarbeidast eit mandat for arbeidet og Formannskapet skal vere styringsgruppe for prosjektet. Dei politiske fagutvala skal haldast orientert og høyrast i prosessane.

Organisasjonsprosjektet skal gjennomførast og leiast av ekstern kompetanse.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **3. Sp, Ap, H, KrF og Frp**

#### **SPESIALPEDAGOGISK TEAM – BARNEHAGE**

Kommunestyret ber kommunedirektør om ei eiga sak knytt til endringar i spes.ped.teamet for barnehagane. Det må synleggjerast korleis det spesialpedagogiske arbeidet skal organiserast både i den kommunale barnehagen og dei private barnehagane.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **4. Sp, Ap, H, Frp og KrF**

#### **SENIORTILTAK**

Det skal utarbeidast ein plan for seniorpolitikk i Alver kommune. Det vil vere viktig å halde på kompetanse lengst mogleg.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **5. Sp, Ap, H, Frp og KrF**

#### **TILSETJINGSKONTROLL**

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å innføre tilsetjingskontroll. Formannskapet skal haldast laupande orientert.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **6. Sp, Ap, H, KrF og Frp**

#### **SAL AV KOMMUNALE EIGEDOMMAR**

Det er kommunestyret som gjer vedtak om sal av kommunale eigedomar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren effektivisere sal av kommunale eigedommar, og ber kommunedirektøren leggje fram sak med mål om å selje dei eigedomane som kan seljast.

Kommunestyret viser ellers til sak 085/21 den 24.06.21 som framleis gjeldande.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **7. Ap, KrF, H, Frp**

#### **INTERKOMMUNALE AVTALAR**

Kommunestyret ber om at det vert sett i gong ei gjennomgåing av interkommunale avtalar og samarbeid. Gjennomgåinga skal belysa kva oppgåver ein skal løysa i samarbeida. Den skal også visa korleis ein er organisert og kva personalressursar og personalkostnader Alver kommune pliktar i samarbeida.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **8. Sp, Ap, KrF, H, Frp**

#### **Bruk av kommunale bygg**

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast setje i gong arbeidet med relokalisering av kommunale tenester i kommunale bygg med mål om å redusere leigekostnader.

Kommunestyret har gjentatte gongar bedt kommunedirektøren om å ta i bruk kommunehuset på Manger permanent. Kommunestyret ber om at dette vert følgt opp umiddelbart.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå i dialog med AMFI Knarvik for å sei opp avtalen om innbyggjarservice i AMFI Knarvik.

**Framleggt vart samrøystes vedteke.**

#### **9. Ap, KrF, H, Frp**

##### **ENDRING I POLITISK STYRINGSSTRUKTUR FRÅ OG MED NESTE KOMMUNESTYREPERIODE 2023-2027**

Kommunestyret skal ha 41 representantar og følgjande utvalsstruktur:

- Formannskap
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for levekår (helse- og omsorg, oppvekst, kunnskap og kultur)
- Utval for næring og drift

Ansvarsområda til levekår skal bestå av ansvaret helse- og omsorg og OKK hadde kvar for seg, elles forblir ansvarsområdene uendra. Ein ber om sak for å få oppdatert politisk styringsstruktur i tråd med dette i første møterunde etter jul. I same sak vil også ny fordeling av antal representantar i kvart utval bestemmes.

**Framlegget vart vedteke mot 19 røyster**

#### **10. Sp, Ap, H, KrF, Frp**

##### **FOKUS PÅ SJUKEFRÅVÆR TIL NÆRVÆR**

Eit godt arbeidsmiljø gir engasjerte og friske medarbeidarar.

Å skape eit godt arbeidsmiljø krevjer omfattande og systematisk arbeid over tid. Det handlar om å bli bevisst på kva arbeidskultur ein har og korleis ein skal jobbe med å forbetre den.

Vi ber kommunedirektøren sjå på KS- prosjektet NED som er eit nærværprosjekt brukt i fleire kommunar. Målet er meir nærvær på jobb og med fokus på arbeidsmiljø og engasjerte medarbeidarar.

Alver kommune har eit høgt sjukefravær og det er viktig at det vert arbeidd kontinuerleg med å redusere dette.

Kommunestyret ber om at det vert sett i gong eit forpliktande trepartssamarbeid som har som mål å redusere sjukefraværet i organisasjonen.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **11. Sp, Ap, H, KrF og Frp**

##### **BUA**

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greie ut moglegheitene for å utvide BUA-tilbodet.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **12. Sp, Ap, H, KrF og Frp**

##### **REDUKSJON I TENESTEOMRÅDE KULTUR**

Det er i kommunedirektøren sitt framlegg ikkje lagt opp til reduksjon i ramma til tenesteområdet kultur i 2023. Når det gjeld økonomiplanen 2024-2026 vil kommunestyret arbeide vidare med planen med mål om minst mogleg reduksjon i tenesteområdet

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **13. Ap, H, KrF og Frp**

##### **BUDSJETTOVERSKRIDINGAR - INVESTERINGER VANN/AVLAUP**

Det er ei utfordrande økonomisk tid for mange innbyggjarar, og kommunen må vera svært medviten kva utgifter kommunestyret pålegg innbyggjarane våre å betala. Kommunestyret kan aldri sikra seg 100% mot overskridingar av investeringsprosjekt, men i framtida må det

innarbeidast som norm at inndekkinga av desse overskridingane i hovudsak må dekkjast innafor ramma til sektoren. Det vil seie at dersom eit VA-prosjekt får overskridingar, får det den konsekvensen at andre VA-prosjekt må nedskaleras og/eller skyvast på. Ved særlege tilfelle, då det ikkje vil vera forsvarleg å skyva på andre prosjekt, må det argumenterast særskilt for å gje ekstraløyving utover ramma i kvar einiskild sak.

**Framlegget vart vedteke mot 3 røyster (O.S.Namtveit-SP, S.Sekkingstad-SP og L.Johnsen-MDG)**

#### **14. Sp**

##### **Rekrutteringsplan**

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ein rekrutteringsplan, som mellom anna inkluderer lærlingpolitikk.

**Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (S.Lavik-KRF og Ø.Oddekalv-AP)**

#### **15. Sp**

##### **Invest in Bergen**

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Vestland fylkeskommune med mål om å reorganisere Invest in Bergen utan kommunal eigardel.

**Framlegget fekk 17 røyster og fall, mot 26 røyster (KRF, MDG, FRP, H og AP).**

#### **16. Sp**

##### **Prestmarka Barnehage**

Kommunestyret ønskjer å samle barnehagen på Manger i ein lokasjon. Kommunestyret ber kommunedirektør komme tilbake med sak i første kvartal 2023.

**Framlegget vart vedteke med 38 røyster, mot 5 (Ø.Oddekalv-AP, S.Toff-V, A.Nordlund-SV, L.Johnsen-MDG og M.Greve-MDG)**

#### **17. Sp**

##### **Uteområde Myking skule**

Kommunestyret ber om at uteområdet på Myking skule vert prioritert i utbetring av skuleområde.

**Framlegget fekk 20 røyster og fall (N.Bognøy-AP, 9 SP, 6 UAVH, 1 SV og 1 V) mot 23 røyster**

#### **18. UAVH**

##### **Intensjonsavtalen**

Vi må ta utgangspunkt i situasjonen vi er i dag. Interne og eksterne rammebetingelser er totalt endra ut frå da intensjonsavtalen ble vedtatt. Ved å oppheve denne avtalen kan vi gå igjennom alle aspekt i drifta av kommunen for å få en effektiv drift. Kommunen er i en alvorlig økonomisk situasjon og da kan vi ikkje la gamle bindande avtaler stopper for nødvendige nye tiltak som kan rette opp økonomien. Tiltak for å sikre en økonomisk sunn drift i kommunen.

**Framlegget fekk 10 røyster og fall (6 uavh., 1 SV, 1 V og 2 MDG), mot 33 røyster**

#### **19. UAVH**

##### **Konsulentbruk**

Eksterne konsulenttenester må avgrensast, då tilsette i leiinga i kommunen presumptivt bør kunne utføre dessa arbeidsoppgåvene. Skulle en mot formodning oppdage at tilsette ikkje innehar kompetansen en kommune trenger i sitt virke, bør en vurdere å bytte ut tilsette slik at kommunen har nødvendig og riktig kompetanse i sin stab. Dette da vi stadig har overskridelser og sprekk i våre prosjekter som gir ekstremt høye avgiftsnivåa vi pålegga våre innbyggjar å betale. Kommunens administrative kompetanse må heves innad blant egne

tilsette, for å begrense bruk av eksterne konsulenter.

**Framlegget fekk 6 røyster og fall (6 uavh.), mot 37 røyster.**

## **20. Redusere tilsette / omstrukturere**

Kommunedirektøren har ført inn i sitt forslag til budsjett med nedgang i tilsette ved naturlig avgang og omstruktureringar. I Formannskapet 1. desember d.å. svarte han på spørsmål som gjelder lærarstillingar, hvor han presiserte at nedbemanning i f.eks. skolen ville bli spreidd utover i takt med synkende elevtal. Folkepartiet er på dette grunnlaget til Kommunedirektøren einig i denne reduseringa av tilsette. Går elevtal, antall barn i barnehage eller saksmengda på offentlege kontor ned, så må antall tilsette reduseres ut fra dette. Dette er effektiviseringstiltak!

**Framlegget fekk 6 røyster (6 uavh.) og fall, mot 37 røyster**

## **21. Sal av diverse kommunale eigedomar**

Administrativt må det gås igjennom den totale eigedomsmassen og selje det en ikkje trenger til kommunal drift.

Kommunedirektøren bør snarast sette i gang med å selje andre kommunale eigedommar som kommunen ikkje bruker. I Kommunedirektøren sitt forslag viser han til at alle bygg som ikkje er i bruk, stenges ned. Dette er ikkje økonomisk berekraftig. Som kommunestyret vet, så har kommunen et stort etterslep vedrørende vedlikehald på våre eigedommar. En nedstenging vil kunne føre til forringing av verdien på eigendommen som kommunen forvalter for sine innbyggere. Folkepartiet forventar derfor at Kommunedirektøren straks setter i gang salg av alle eiendommer som vi ikkje selv nytter. Vi er blitt gjort oppmerksom på at det er frivillige organisasjonar som ønsker å kjøpe kommunale bygningar, men forhindrast til dette da tilbodet de mottar ikkje står i stil til byggets tilstand og manglande vedlikehald. Kommunen vil nok ikkje tener seg ut av sine økonomiske problema med disse sala, men ein får inn noen kroner her og der, samt at vedlikehaldsbudsjettet spare inn med enorme summer.

Folkepartiet ber Kommunedirektøren om at det i 2023 inngås avtaler med minimum 10 langtids leietager av kommunale leiligheter med en avtale om «leie til eie» lån via husbanken. Det tenkes da på personar med lav inntekt som i lånet får midlar til nødvendig oppgradering og etterslep av vedlikehald. Kor leigetakar kan gjera eigenarbeid som eigenkapital. Dette vil forsiktig estimert gi kommunen en inntekt på kr. 30 mill. samt innsparte midlar på vedlikehaldsetterslepet.

**Framlegget fekk 8 røyster og fall (6 uavh., 1 H, 1 FRP) mot 35 røyster**

## **22. Tenesteyting barnehagar og barnehagestrukturplan**

Det opplyst frå administrasjonen at det er pr. i dag er 600 ledige barnehageplassar i Alver. Dette har ført til at Folkepartiet har revurdert antall teljetidspunkt og en ny barnehagestrukturplan. Vi ønsker at det vert innført tre teljetidspunkt pr. år. Dette vil ha innverknad på kommunen sin økonomi. Folkepartiet trur også at dette vil gjøre det enklere for foreldre og barnehager å ta inn nye barn inne i ett barnehage år. Dette ses som nødvendig ihht. kommunen sin økonomiske situasjon.

**Framlegget vart vedteke med 26 røyster, mot 17 røyster**

## **23. Skulestrukturplan**

Ein kan ikkje behalde antal tilsette når elevtalet går ned. Vi må holde en god skule med nok tilsette, men også skuler som kan holde den faglige kompetansen elevane treng. For å ha kvalitet og kompetanse kan ein ikkje ha skule i kvart lokalsamfunn.

**Framlegget fekk 5 røyster og fall (5 uavh.)**

## **24. Strøminnsparing**

Tilsette har i dag mulighet for å lade sine el-bilar gratis i Alver sine kommunale bygg. Dette



må omgåande opphøyra! Dette burde først i lønngoder. Det blir forskjellsbehandling at tilsette med El-bil får gratis «drivstoff» sponsa av kommunen sitt driftsbudsjett, mens tilsette uten el-bil ikkje får sponsa sitt drivstoff. Einaste bilene som skal ladast på kommunen sitt budsjett er tenestebiler. Det bør straks innførast ansvar til tilsette om at siste på jobb slår av alle lys. Ein kan kvar dag observera fullt lys på offentlege kontor på kveld og nattetid. Dette utgjør ein betydeleg kostnad med dei strømprisane som er nå, også med tanke på at de fleste lyskjeldene er gamle lysstoffrør som trekker mye strøm.

**Framlegget fekk 6 røyster og fall (6 uavh.), mot 37 røyster.**

## **25. Gamle Alversund skule**

Dette bygget står delvis tomt i dag og har ofte og mykje hæververk ifølge media. Da økonomien og etterslep på vedlikehald er stort ønsker Folkepartiet å selja dette området. Kommunen trenger kapital og byggmassen trenger både vedlikehald og å tas i bruk.

**Framleggt fekk 9 røyster og fall (6 uavh., Heine Fyllingsnes-H, K.Murberg-H og A.I.Solheim uavh.), mot 34 røyster**

## **KO- 182/22 Vedtak:**

[https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-budsjett\\_høgre, krf, frp og ap/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/alver/ps-2023-budsjett_høgre, krf, frp og ap/#/polsim/politicalsimulation/)

### **Verbalpunkt:**

Det regulerte friluftsområdet i Lonena skal forhandlast ferdig i 2023 med formål innløyising.

## DAGSENTERTILBOD YNGRE PERSONAR MED DEMENS

Ressursnivået som er brukt på tilbud for yngre personar med demens i Alver kommune i 2022, skal for 2023 oppretthaldast.

Alver kommune skal ha eit tilbud for yngre personar med demens.

Tilbudet skal innarbeidast i den heilskaplege demensplanen som er planlagt.

## ORGANISASJONSPROSJEKT ALVER KOMMUNE

Det må snarast setjast i gong eit prosjekt i heile kommuneorganisasjonen der målet er å finne ei berekraftig og framtidretta drift av kommunen. Ei kontinuerleg forbetring der ein bla tar metoden LEAN i bruk skal vurderast.

Kommunestyret meiner ein som organisasjon må ha god kunnskap i kva kompetanse som er rett kompetanse for å løyse oppgåvene til ei kvar tid i tenesteområda.

Kommunestyret viser til Fagforbundet si uttale til kommunestyret der dei peikar på at Alver kommune si organisering må evaluerast, og at ein går igjennom heile organisasjonen, alle sektorar, tenesteområde og avdelingar. Vi er samde med Fagforbundet, og organisasjonsprosjektet må ha god dialog og samhandling med tillitsvalde og vernetenesta gjennom bla administrasjonsutvalet.

Det skal utarbeidast eit mandat for arbeidet og Formannskapet skal vere styringsgruppe for prosjektet. Dei politiske fagutvala skal haldast orientert og høyrast i prosessane.

Organisasjonsprosjektet skal gjennomførast og leiast av ekstern kompetanse.

## SPESIALPEDAGOGISK TEAM – BARNEHAGE

Kommunestyret ber kommunedirektør om ei eiga sak knytt til endringar i spes.ped.teamet for barnehagane. Det må synleggjerast korleis det spesialpedagogiske arbeidet skal organiserast både i den kommunale barnehagen og dei private barnehagane.

## SENIORTILTAK

Det skal utarbeidast ein plan for seniorpolitikk i Alver kommune. Det vil vere viktig å halde på kompetanse lengst mogleg.

## TILSETJINGSKONTROLL

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å innføre tilsetjingskontroll. Formannskapet skal haldast laupande orientert.

#### SAL AV KOMMUNALE EIGEDOMMAR

Det er kommunestyret som gjer vedtak om sal av kommunale eigedomar. Kommunestyret ber kommunedirektøren effektivisere sal av kommunale eigedommar, og ber kommunedirektøren leggje fram sak med mål om å selje dei eigedomane som kan seljast. Kommunestyret viser ellers til sak 085/21 den 24.06.21 som framleis gjeldande.

#### INTERKOMMUNALE AVTALAR

Kommunestyret ber om at det vert sett i gong ei gjennomgåing av interkommunale avtalar og samarbeid. Gjennomgåinga skal belysa kva oppgåver ein skal løysa i samarbeida. Den skal også visa korleis ein er organisert og kva personalressursar og personalkostnader Alver kommune pliktar i samarbeida.

#### BRUK AV KOMMUNALE BYGG

Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast setje i gong arbeidet med relokalisering av kommunale tenester i kommunale bygg med mål om å redusera leigekostnader. Kommunestyret har gjentatte gongar bedt kommunedirektøren om å ta i bruk kommunehuset på Manger permanent. Kommunestyret ber om at dette vert følgt opp umiddelbart. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå i dialog med AMFI Knarvik for å sei opp avtalen om innbyggjarservice i AMFI Knarvik.

ENDRING I POLITISK STYRINGSSTRUKTUR FRÅ OG MED NESTE KOMMUNESTYREPERIODE 2023-2027  
Kommunestyret skal ha 41 representantar og følgjande utvalsstruktur:

- Formannskap
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for levekår (helse- og omsorg, oppvekst, kunnskap og kultur)
- Utval for næring og drift

Ansvarsområda til levekår skal bestå av ansvaret helse- og omsorg og OKK hadde kvar for seg, elles forblir ansvarsområdene uendra. Ein ber om sak for å få oppdatert politisk styringsstruktur i tråd med dette i første møterunde etter jul. I same sak vil også ny fordeling av antal representantar i kvart utval bestemmes.

#### FOKUS PÅ SJUKEFRÅVÆR TIL NÆRVÆR

Eit godt arbeidsmiljø gir engasjerte og friske medarbeidarar. Å skape eit godt arbeidsmiljø krevjer omfattande og systematisk arbeid over tid. Det handlar om å bli bevisst på kva arbeidskultur ein har og korleis ein skal jobbe med å forbetre den. Vi ber kommunedirektøren sjå på KS- prosjektet NED som er eit nærværprosjekt brukt i fleire kommunar. Målet er meir nærvær på jobb og med fokus på arbeidsmiljø og engasjerte medarbeidarar. Alver kommune har eit høgt sjukefravær og det er viktig at det vert arbeidd kontinuerleg med å redusere dette. Kommunestyret ber om at det vert sett i gong eit forpliktande trepartssamarbeid som har som mål å redusere sjukefraværet i organisasjonen.

#### BUA

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greie ut moglegheitene for å utvide BUA-tilbodet.

#### REDUKSJON I TENESTEOMRÅDE KULTUR

Det er i kommunedirektøren sitt framlegg ikkje lagt opp til reduksjon i ramma til tenesteområdet kultur i 2023. Når det gjeld økonomiplanen 2024-2026 vil kommunestyret

arbeide vidare med planen med mål om minst mogleg reduksjon i tenesteområdet

#### BUDSJETTOVERSKRIDINGAR - INVESTERINGER VANN/AVLAUP

Det er ei utfordrande økonomisk tid for mange innbyggjarar, og kommunen må vera svært medviten kva utgifter kommunestyret pålegg innbyggjarane våre å betala. Kommunestyret kan aldri sikra seg 100% mot overskridingar av investeringsprosjekt, men i framtida må det innarbeidast som norm at inndekkinga av desse overskridingane i hovudsak må dekkjast innafor ramma til sektoren. Det vil seie at dersom eit VA-prosjekt får overskridingar, får det den konsekvensen at andre VA-prosjekt må nedskaleras og/eller skyvast på. Ved særlege tilfelle, då det ikkje vil vera forsvarleg å skyva på andre prosjekt, må det argumenterast særskilt for å gje ekstraløyving utover ramma i kvar einskild sak.

#### REKRUTTERINGSPLAN

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ein rekrutteringsplan, som mellom anna inkluderer lærlingpolitikk.

#### PRESTMARKA BARNEHAGE

Kommunestyret ønskjer å samle barnehagen på Manger i ein lokasjon. Kommunestyret ber kommunedirektør komme tilbake med sak i første kvartal 2023.

#### TENESTEYTING BARNEHAGAR OG BARNEHAGESTRUKTURPLAN

Det opplyst frå administrasjonen at det er pr. i dag er 600 ledige barnehageplassar i Alver. Dette har ført til at Folkepartiet har revurdert antall teljetidspunkt og en ny barnehagestrukturplan. Vi ønsker at det vert innført tre teljetidspunkt pr. år. Dette vil ha innverknad på kommunen sin økonomi. Folkepartiet trur også at dette vil gjøre det enklere for foreldre og barnehager å ta inn nye barn inne i ett barnehage år. Dette ses som nødvendig ihht. kommunen sin økonomiske situasjon.

#### **183/22: Melding/orientering til kommunestyret 15.12.2022**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

##### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Ettersendte meldingar til kommunestyret:

- Fordeling av ledige plassar i barnehagane i Alver kommune
- Dom Alver kommune - Equinor Gulating lagmannsrett
- Levering av konsesjonskraft frå Matre Haugsdal kraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **KO- 183/22 Vedtak:**

Meldinga er teke til orientering.

#### **184/22: Klage på planvedtak på vilkår om å sikre trygg veg fram til undergang samt dialog om etablering av landbruksundergang - Reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg - PlanID 1263-201804**

##### **KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen frå Statens Vegvesen i sak 20/1999 på Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, vert teke til følgje.

Vedtaket om at «Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset», vert gjort om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.”

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

**Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 159/22 Vedtak:**

Klagen frå Statens Vegvesen i sak 20/1999 på Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, vert teke til følgje.

Vedtak om at «Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset», vert gjort om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.”

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

**KO- 184/22 Vedtak:**

Klagen frå Statens Vegvesen i sak 20/1999 på Alver kommunestyre sitt vedtak – KO-068/22, datert 19.05.2022, vert teke til følgje.

Vedtak om at «Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuge trafikkantar frå Fyllingsnesvegen mot E39 må sikrast trygg veg fram til undegang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset», vert gjort om.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

“Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane -

Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21."

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grungjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

**185/22: Klage på vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2 + B3 for fv. 564 Fløksand - Vikebø - PlanID 1256-20160010**

**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir ikkje tatt til følgje.

2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.

3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt delvis tatt til følgje;

3.1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.

3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eignedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.

4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir ikkje tatt til følgje.

5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir ikkje tatt til følgje.

6. Klagen frå Scholz med fleire blir ikkje tatt til følgje.

7. Klagen frå Johannes Romstad blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket frå KO-079/22, datert 16.06.2022, om val av alternativ A2, vert oppretthalden:

Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere

oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørstøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

#### **Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå Anne Grete Eide-Ap:**

Alternativ A1

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/

alternativ A1+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 21.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 21.12.2021.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Jogeir Romarheim-Krf, Jon Vidar Sakseide-Krf, Anne Grete Eide-Ap)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (Vigdis Villanger-Sp, Kenneth Murberg-H, Henning Fyllingsnes-H, Heine Fyllingsnes-H, Sveinung Toft-V)

##### **APM- 161/22 innstilling:**

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir ikkje tatt til følgje.

2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «wf\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.

3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt delvis tatt til følgje;

3.1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.

3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.

4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir ikkje tatt til følgje.

5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir ikkje tatt til følgje.

6. Klagen frå Scholz med fleire blir ikkje tatt til følgje.

7. Klagen frå Johannes Romstad blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket frå KO-079/22, datert 16.06.2022, om val av alternativ A2, vert oppretthalden:

#### Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørestøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

#### **Alver kommunestyre 15.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Det vart stild spørsmål om habilitet frå Laila Bjørge som har vore med som saksbehandlar i saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Laila Bjørge er inhabil i denne saka.

##### **Framlegg frå A.G.Eide-AP:**

Alternativ A1

Kommunestyret tek klagen til følgje.

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir tatt til følgje.
2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;

- Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.
3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt til følgje;
    - 3.1. Klagen i relasjon til naust blir tatt til følgje.
    - 3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;
      - Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.
  4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir tatt til følgje.
  5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir tatt til følgje.
  6. Klagen frå Scholz med fleire blir tatt til følgje.
  7. Klagen frå Johannes Romstad blir tatt til følgje.

Framlegget fekk 10 røyster og fall, mot 32 røyster.

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 32 røyster, mot 10 røyster (A.G.Eide-AP, K.Floen-AP, A.K.Eknes-KRF, A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, J.Romarheim-KRF, M.Andvik-KRF, L.Johnsen-MDG, M.Greve-MDG og S.Hopland-uavh.)

#### **KO- 185/22 Vedtak:**

Dei 7 klagane frå grunneigarane i planområdet i sak 20/8340 på Alver kommunestyre sitt vedtak KO-079/22, datert 16.06.2022, om vedteken detaljreguleringsplan med alternativ A2+B3 for fv. 564 Fløksand – Vikebø, blir vurdert slik:

1. Klagen frå Gunnar Klemet Bøe blir ikkje tatt til følgje.
2. Klagen frå Turid Larsen Østerby blir tatt til følgje;
  - Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV20 er felles for gnr. 343 bnr. 3, 52/54 og 65.
3. Klagen frå Arne Gunleiv Haugsvær blir tatt delvis tatt til følgje;
  - 3.1. Klagen i relasjon til naust blir ikkje tatt til følgje.
  - 3.2. Klagen i relasjon tilkomst til jordbruksareal søraust for Steinberget blir tatt til følgje;
    - Føresegnene pkt. 3.1.3. blir endra slik: «f\_SV11 er felles for jordbruksverksemd på eigedomane gnr. 305, bnr. 3 og 4.
4. Klagen frå Gunn Margareth og Arne Haugsvær blir ikkje tatt til følgje.
5. Klagen frå Bente Fløisand-Larsen blir ikkje tatt til følgje.
6. Klagen frå Scholz med fleire blir ikkje tatt til følgje.
7. Klagen frå Johannes Romstad blir ikkje tatt til følgje.

Vedtaket frå KO-079/22, datert 16.06.2022, om val av alternativ A2, vert oppretthalden:

#### Alternativ A2

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert



10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.

Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørstøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.

Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

#### **186/22: Spørsmål**

**Alver kommunestyre 15.12.2022:**

**Handsaming:**

Spørsmåla vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023, samrøystes.

**KO- 186/22 Vedtak:**

Spørsmåla er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023